Barnehagen på Påskevandring i kyrkja.

29.03.2017

Påskevandringa tek faktisk til med julekrubba og julesongen Eit barn er fødd i Bethlehem. Jan Ove Fagerheim fortel.

Kvart år i vekene før påske inviterer kyrkja til påskevandring med barnehagane. I dag var det 3 og 4 åringane frå begge avdelingane i Uskedal barnehage som fekk oppleva påskebodskapen i ei lett og ledig form. 12 forventningsfulle og nysgjerrige born fekk møta tre engasjerte tilsette i kyrkja, Lina Håland, Jan Ove Fagerheim og Eva Megyesi.

Lina Håland brukar flanellogrfaf i formidlinga om Sakkeus sitt møte med Jesus.

Påskevandringa tok til med samling kring julekrubba, for å syna samanhengen mellom jul og påske og at Jesus ikkje var baby heile livet, men vaks opp og vart ein vaksen mann. Neste tablå er henta frå Sakkeus sitt møte med Jesus og korleis dette møte endra livet hans.

Palmegreinene er på plass. Borna står på to rekker og vinkar med palmene , til forteljinga om då Jesus kjem ridande inn på eit esel. Turen går vidare til påskemåltidet og til stunda då Jesus vaska læresveinane sine føter.

Til trist musikk får vi høyra forteljinga om at Jesus måtte død, men straks etter vert musikken lettare og Jesus stod opp frå dei døde og at han lever. Påskevandringa vert avslutta med samling kring altaret og det vert pynta til gledesfest.

Med dramapedagoiske metodar vert påskebodskapen fortald og levandegjort på ein framifrå måte. Borna lærer, opplever og hugsar betre innhaldet i påskeforteljinga.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Påskemåltidet var ein viktig del av dramatiseringa i kyrkja i dag.